

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 10.09.2008 **Tid:** 14.00 – 17.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Sigmund Dyrhovden

I staden møtte:

Inge Aasgaard

Andre som var tilstade på møtet:

Plan- og miljøkonsulenten møtte t.o.m. handsaming av sak 46.

Ordførar, leiar av teknisk eining og adm.sjef.

Merknader:

Neste møte i utvalet vert 24.09. kl 13.30.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 24. september 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit Fristen for fjerning av piggtåd er for lengst ute, men det er fortsett piggråd fleire stadar. Administrasjonen må fylgja opp vedtaket om fjerning av piggråd.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Leiar av teknisk eining opplyste om at bygning i Kvitingen som er vedteke fjerna fortsett står. Det er teke kontakt med advokat for ei avklaring før det vert gjort noko i høve til ansvarleg for det ulovleg oppførte bygget.

Reguleringsplan for Kvitingen hyttefelt har vore ute til høyring. Fylkesmannen har kome med motsegner, utbyggjar arbeider med å imøtekomme desse krava. Når dette er gjort, vert planen lagt fram for utvalet.

Plan- og miljøkonsulenten orienterte om ein førespurnad frå ein grunneigar om løyve til oppattbygging av ein hytteeigedom i Kvitingen der tidlegare hytte vart teken av ras for fleire 10-år sidan. Utvalet drøfta spørsmålet. Det var eit ønske frå utvalet om å få seg førelagd ei prinsipiell sak om løyve til oppattbygging på eigedomar der berre grunnmurane står att. Problemstillingar vil vera bygging i rasfarlege og/eller flaumutsette område og i område med restriksjonar i høve til bygging.

Aktuell grunneigar får tilbakemelding om at dersom han vel å søkja om å byggja opp att hytta på tomte, må han leggja fram dokumentasjon i høve til rasfaren.

Ordførar orienterte om at Jan Totland som leiar av småbåtforeininga på Steinsland har vore i kontakt med spørsmål om vidare utvikling av området. Det er då snakk om å få til eit møte. Utvalet ba om at leiar og nestleiar av utvalet saman med ordføraren møter representantar frå småbåtforeininga. Tanken med møtet er at småbåtforeininga får presentera tankane og planane sine.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0042/08	07/00025 KOMMUNEDELPLAN - STRANDSONEPLAN 2.GONGS HØYRING
0043/08	00/00098 OMREGULERING AV SKOGSVEG TIL FITJARVATNET
0044/08	08/00311 DELINGSSAK GNR 32, BNR 3. FRITIDSEIGEDOM KVITINGEN - PARSELL 1
0045/08	08/00311 DELINGSSAK GNR 32, BNR 3. FRITIDSEIGEDOM KVITINGEN - PARSELL 2 OG 3
0046/08	08/00385 BYGGING AV NAUST GNR 3, BNR 48. SAGEN
0047/08	08/00294 SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR ANNEKS TIL HYTTE GNR 38 BNR 14
0048/08	08/00330 BYGGESAK, HYTTE GNR 33 BNR 3
0049/08	08/00357 BYGGESØKNAD - TILBYGG STØLSBU GNR 25
0050/08	06/00542 NY AVKØYRING FRÅ KOMMUNAL VEG I ROLVSVÅG
0051/08	08/00354 DELING AV GRUNNEIGEDOM - SÆVILD GNR.47/1, 47/2 OG 47/3 HOPSELVA KRAFTVERK

0042/08

KOMMUNEDELPLAN - STRANDSONEPLAN 2.GONGS HØYRING

Framlegg til vedtak::

Framlegg til strandsoneplan dagsett 10.09.2008 med retningslinjer vert lagt ut til andre gongs høyring.

Handsaming i møte:

Utvalet gjekk igjennom plankartet samt føresegner og konsekvensanalyse risiko- og sårbarheit. Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Framlegg til strandsoneplan dagsett 10.09.08 med retningslinjer vert lagt ut til andre gongs høyring.

0043/08

OMREGULERING AV SKOGSVEG TIL FITJAVATNET

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve løyve til omregulering av skogsveg til Fitjavatnet.

I tråd med omreguleringa bør vegen oppgraderast til ei viss grad (spesielt med høve til grøfting) samt at avtalen med grunneigarane må reviderast.

Kap. VII. *Private vegar* i Veglova skal også etterfølgjast (vedlagt).

Vegen skal ikkje vert opna for alminneleg ferdsel og vanleg biltrafikk sjølv om den vert omregulert. Ferdsel på vegen skal difor regulerast ved bl.a. eksisterande bom samt revidert avtale mellom kommunen og grunneigarane. Omregulering av vegen opnar heller ikkje for utstrekt fritids- eller bustadutbygging.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve løyve til omregulering av skogsveg til Fitjavatnet.

I tråd med omreguleringa bør vegen oppgraderast til ei viss grad (spesielt med høve til grøfting) samt at avtalen med grunneigarane må reviderast.

Kap. VII. *Private vegar* i Veglova skal også etterfølgjast (vedlagt).

Vegen skal ikkje vert opna for alminneleg ferdsel og vanleg biltrafikk sjølv om den vert omregulert. Ferdsel på vegen skal difor regulert ved bl.a. eksisterande bom samt revidert avtale mellom kommunen og grunneigarane. Omregulering av vegen opnar heller ikkje for utstrekt fritids- eller bustadutbygging.

0044/08

**DELINGSSAK GNR 32, BNR 3.
FRITIDSEIGEDOM KVITINGEN - PARSELL 1**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen, og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve gnr 32 bnr 3, parsell 1 etter kart datert 12.06.08.

Deling kan ikkje godkjennast etter jordlova § 12

Handsaming i møte:

Olaug Øystese sette fram framlegg om å utsetja saka.

3 røysta for å utsetja handsaminga og 4 røysta mot. Saka vart dermed handsama.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen, og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve gnr 32 bnr 3, parsell 1 etter kart datert 12.06.08.

Deling kan ikkje godkjennast etter jordlova § 12

0045/08

**DELINGSSAK GNR 32, BNR 3.
FRITIDSEIGEDOM KVITINGEN - PARSELL 2 OG 3**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve gnr 32 bnr 3, parsell 2 og 3 etter kart datert 12.06.08.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve gnr 32 bnr 3, parsell 2 og 3 etter kart datert 12.06.08.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12

0046/08

**BYGGING AV NAUST GNR 3, BNR 48.
SAGEN**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.3 bnr.48. Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå pbl. §17 – 2. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.05.08.08. Det må sendast inn teikningar av naustet til kommunen før det vart bygd.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter. Naustet skal berre nyttast til tradisjonell bruk, og ikkje som fritidsbustad eller bustad. Det er ikkje lov å overnatta i naustet. Jfr. føresegner til gjeldande kommuneplan.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15.Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.3 bnr.48. Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå pbl. §17 – 2. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.05.08.08. Det må sendast inn teikningar av naustet til kommunen før det vart bygd.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter. Naustet skal berre nyttast til tradisjonell bruk, og ikkje som fritidsbustad eller bustad. Det er ikkje lov å overnatta i naustet. Jfr. føresegner til gjeldande kommuneplan.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15.Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0047/08

**SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR ANNEKS TIL HYTTE
GNR 38 BNR 14**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til å byggja terrasse og anneks i LNF område på Gnr.38 Bnr. 14 på Ulland.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for terrasse og anneks på Gnr. 38 Bnr. 14 på Ulland.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til å byggja terrasse og anneks i LNF område på Gnr.38 Bnr. 14 på Ulland.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for terrasse og anneks på Gnr. 38 Bnr. 14 på Ulland.

0048/08

**BYGGESAK, HYTTE
GNR 33 BNR 3**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon til bygging av personalhytte i LNF område på Gnr. 33 Bnr.3 i Eikedal.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for personalhytte på Gnr. 33, Bnr.3 i Eikedal.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.23.07.08.

Hytta er å sjå som ein del av skianlegget og kan ikkje skiljast frå for sal.

Søknader om ansvarsrett er godkjent og fylgjer underteikna i retur.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon til bygging av personalhytte i LNF område på Gnr. 33 Bnr.3 i Eikedal.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for personalhytte på Gnr. 33, Bnr.3 i Eikedal.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.23.07.08.

Hytta er å sjå som ein del av skianlegget og kan ikkje skiljast frå for sal.

Søknader om ansvarsrett er godkjent og fylgjer underteikna i retur.

0049/08

BYGGESØKNAD - TILBYGG STØLSBU GNR 25**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for å byggja på stølsbu i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert byggjeløyve for tilbygg til stølsbu gjeve i samråd med søknad dagsett 14.07.08.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for å byggja på stølsbu i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert byggjeløyve for tilbygg til stølsbu gjeve i samråd med søknad dagsett 14.07.08.

0050/08

NY AVKØYRING FRÅ KOMMUNAL VEG I ROLVSVÅG**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for å etablera ny avkjørsle frå den kommunale vegen til grendahuset i Rolvsvåg.

Løyve til å byggja ny avkjørsle vert gjeve i samsvar med søknad dagsett 07.07.08 etter vedlegg 1.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for å etablera ny avkjørsle frå den kommunale vegen til grendahuset i Rolvsvåg.

Løyve til å byggja ny avkjørsle vert gjeve i samsvar med søknad dagsett 07.07.08 etter vedlegg 1.

0051/08

**DELING AV GRUNNEIGEDOM - SÆVILD GNR.47/1, 47/2 OG 47/3
HOPSELVA KRAFTVERK**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve til bortleige av fallrett i Hopselva frå gnr.47/1, gnr. 47/2 og gnr. 47/3.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve til bortleige av fallrett i Hopselva frå gnr.47/1, gnr. 47/2 og gnr. 47/3.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12

